



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 04.11.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00 - 12:35

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 27.10.15 og møtet var kunngjort i pressa 07.10.15.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Formannskapet hadde pause frå kl. 10:40-10:50.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 12:10-12:20.

I starten av møtet orienterte leiar Bjørn Tore Hesjedal frå Meland Idrettsråd om arbeidet i Idrettsrådet og om økonomiske utfordringar. Til stades var og Morten Austegard frå Motorsportklubben og Audun Håland frå Padleklubben.

Protokollførar: Randi Hilland

11. november 2015

Øyvind Oddekalv
Ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
122/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
123/2015	Godkjenning av møtebok
124/2015	Referatsaker
125/2015	Aktuelle saker
126/2015	Orientering av rådmannen
127/2015	Orientering om status kommunestruktur
128/2015	Økonomisk rapportering september 2015
129/2015	Førebels satsar for tilskot i 2016 til ikkje-kommunale barnehagar
130/2015	Busetting av flyktningar
131/2015	Høyringsuttale, framlegg til endringar i plandelen av plan- og bygningslova

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/2761

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
122/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 122/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/2761

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
123/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Godkjenning av møtebok frå møte 30.09.15

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 30.09.15 vert godkjent."

Formannskapet - 123/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

"Møtebok frå møte 30.09.15 vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/2761

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
124/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
124/2015.1	Rettferdsvederlagordning

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Formannskapet - 124/2015

FS - behandling:

Rådmannen refererte skrivet. Koordinere praksis for alle kommunane i Nordhordland. Formannskapet vil få tilbakemelding på status.

FS - vedtak:

«Meldinga og orienteringa vert tekne til orientering.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv		15/2761

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
125/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Aktuelle saker

Formannskapet - 125/2015

FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Sigmund Larsen:

- Har fått melding frå grunneigar om at folk frå administrasjonen føretek synfaring utan at grunneigar veit om det.
Administrasjonen sa at dei kan foreta synfaring utan å varsle, men at det unntaksvis vert gjort.
- Web og streaming av kommunestyremøte.
Rådmann sa at dersom kommunestyret ønskjer det, så kan det iverksetjast. Spørsmålet kan takast opp i neste kommunestyremøte.

Nils Marton Aadland:

- Justering av områdeplan Frekhaug - kva tenkjer ein om prosessen vidare.
Anny Bastesen orienterte.

Per Kristian Holmetun:

- Status - el-bil som tenestebilar i kommunen.
Saka kjem opp i forbindelse med budsjetthandsaming.
- Ladestasjonar for kommunalt tilsette som køyrer el-bil.
Kommunen satsar på hurtigladestasjonar i senteret.

FS - vedtak:

"Formannskapet tek orienteringane til etterretning."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		15/2761

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
126/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Orientering av rådmannen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Formannskapet - 126/2015

FS - behandling:

Det vart orientert om følgjande:

Personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte om beredskapsøvinga 27.10.15.

Meland kommune har fått Arbeidsmiljøprisen.

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal orienterte om status områdeplan Midtmarka/Rotemyra på Flatøy.

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte frå møte med Troms Kråkebolle. Mangel på sjønært næringsareal. Formannskapet er positiv til at det vert arbeidd vidare med dette.

Program for budsjettkonferanse er delt ut.

FS - vedtak:

«Formannskapet tek orienteringane til etterretning.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		15/2761

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
127/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Orientering om status kommunestruktur

Formannskapet - 127/2015

FS - behandling:

Kun løpet Lindås, Radøy og Meland.

Nye representantar til arbeidsgruppa vert valde i kommunestyremøte 25.11.15.

Det vart stilt spørsmål om kva tid det skal være folkeavrøysting.

- Det er for tidleg i prosessen med folkeavrøysting no. Folk må vite kva ein seier ja eller nei til.
- Viktig med god informasjon til innbyggjarar.
- Opplysningportal på heimesida til kommunen, må få innbyggjarane med i ein tidleg prosess.
- Arrangere folkemøte.
- Ulike løp vidare vart drøfta.

FS - vedtak:

"Formannskapet tek orienteringane til etterretning."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	15/2786

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
128/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Økonomisk rapportering september 2015

Vedlegg:

Vedlegg 2-Rapport investeringer pr sept 2015

Vedlegg 1-Status rekneskap-budsjett pr september 2015

Saksopplysningar:

Vedlagt følgjer rapportering av status driftsrekneskap (vedlegg 1) og investeringsrekneskap (vedlegg 2) per 31. august 2015.

Driftsrapport:

Rapporten viser same status totalt for kommunen som i rapporteringa pr august.

I sum reknar vi med å komme ut innanfor driftsrammene for 2015. Vi forventar reduserte skatteinntekter, meirforbruk på Vestbygd skule og noko auke i utgifter til husleie på kultur med til saman kr 1,2 mill, men reknar med å kunne spare dette inn ved mindreforbruk på andre tenesteområde, sjølv om det einiskilde område ikkje har identifisert desse i sine kommentarar i vedlagte rapport.

Sum skatt og rammetilskot ser ut til å verta kr 0,7 mill lågare enn estimert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015, samt nasjonal skattesvikt i 2014 og 2015 som ikkje vert fullt ut dekkja inn gjennom revidert nasjonalbudsjett. Lågare rentenivå enn budsjettert så langt i 2015 gjev innsparing, men denne er ikkje berekna i detalj. Det er tidlegare meldt om eit mogleg meirforbruk på kr 600.000 på barnevernsområdet. Per september ser det ikkje ut som at området får denne kostnadsauken og tenesteområdet ser ut til å gå i balanse, men dette er fortsatt noko usikkert.

Investeringsrekneskapen:

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan syner at påløpte investeringskostnader per 30.09.2015 er på totalt kr 21,3 mill (sjå kolonna Rekneskap 2015 hittil på side 5 i investeringsrapporten). Av dette er kr 14,1 mill ordinære driftsinvesteringar og kr 7,1 mill investeringar innan Vassverk og Avlaup.

Vedteke budsjettet etter justering i kommunestyremøtet 9. sept. er totalt på kr 60,2 mill (inkl. startlån), kr 44,3 mill for ordinære investeringar og kr 15,9 mill for VA-prosjekter. Prognosen for 2015 syner at investeringskostnadane kjem til å enda opp litt lågare, på kr 59,2 mill.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet tek økonomisk rapportering for september 2015 til vitande»

Formannskapet - 128/2015

FS - behandling:

Rådmann og økonomisjef orienterte.

FS - vedtak:

«Formannskapet tek økonomisk rapportering for september 2015 til vitande»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FA - A10, TI - &88, FE - 223	15/2788

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
	Kommunestyret	PS	
129/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Førebels satsar for tilskot i 2016 til ikkje-kommunale barnehagar

Vedlegg:

Udir.no - Notat av 15.10.2015 om finansiering av private barnehager 2016

Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager - Lovdata pr 09.10.2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet hadde i sommar på høyring framlegg til nye modellar for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Fristen for å kome med høyringssvar var sett til 20 august. Meland kommune gav 24. juni 2015 i sak 84/2015 i Formannskapet eit omfattande høyringssvar. I samband med framlegging av statsbudsjettet for 2016 er det konkludert med endring av finansieringsordningen frå 2016 som i vedlagte notat lagt ut på Utdanningsdirektoratet (udir.no) sine nettsider 15. okt 2015.

I notatet framgår det at:

1. Tilskotsgrunnlaget skal fremdeles vere kommunen sine 2 år gamle rekneskap.
2. Kommunen sine pensjonsutgifter skal tas ut av berekningsgrunnlaget, og ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal legges til.
3. Driftstilskotet skal vere 100% av satsane for alle barnehagar frå og med 2016.
4. Kapitaltilskotet vert avhengig av barnehagebyggets byggeår. Satsene er under utarbeiding.
5. Kommunen bør fatte vedtak om tilskotssatsar for 2016 innan 31. okt 2015.

Denne saken vert fremja no sjølv om ikkje kapitaltilskot-satsane er klare frå departementet ennå, for ikkje å kome for langt etter fristen for vedtak som er sett til 31. okt. Vi har sjekka ut med KS, og legg etter deira tilråding til grunn satsane for kapitaltilskot som er foreslått i PWC sin rapport av 22. januar 2015 «*Ny finansiering av ikke-kommunale barnehager – Forslag til forenklet modell og ny beregning av pensjon og kapitaltilskudd*» utarbeida på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i samband saka om ny finansieringsordning.

Det går heller ikkje fram av Utdanningsdirektoratet sin førebels informasjon kva som er korrekt deflator (inflasjonsjustering) av kommunen sine rekneskap frå 2014 til 2016-nivå. I 2015 var denne på 3,0%, og i statsbudsjettet for 2016 legg regjeringa til grunn ein deflator på 2,7%. Vi har difor brukt henholdsvis 3,0% og 2,7% som deflator i berekning av tilskotssatsane for 2016.

Førebels fastsetjing av sats for kapitaltilskot:

Oppsummering av framlegg til satsar i rapporten frå PWC:

Framlegg til satsar i 2016 for kapitaltilskot i PWC sin rapport av 22. januar 2016:	
Barnehagebyggets byggeår:	Tilskot per barn: (kr)
Før 2006	9 046
2007 - 2009	14 305
2010 - 2012	18 582
2013 - 2015	22 455

Til samanlikning - nasjonale satsar 2015:	
Ordinære barnehagar	9 500
Familie barnehagar	12 000

Som grunnlag for vår berekning av tilskotssatsar for kapital skal vi leggje til grunn barnehagebyggets byggeår. Vi har innhenta byggeår frå Matrikkelen (det offisielle eiendomsregisteret), som inneheld følgjande opplysningar om når dei aktuelle barnehagene blei tekne i bruk eller ferdigattestert, og ut frå tabellen over definert dei tilhøyrande kapitalatsar (per heildags plass):

Navn	Adresse	Gbnr	År tatt i bruk eller ferdigattest	Eventuelle tilbygg	Kap.sats 2016
Læringsverkstedet barnehage (avd. Flatøy)	Flatøyvegen 70	01/50	Eldre bygg	Tilbygg (145m ² -BRA) tatt i bruk 2.5.1985	9 046
Maurtua barnehage	Juviknipa 1	22/175	18.05.2004		9 046
Leirdalen barnehage Sa	Rosslund	43/147	31.08.2005		9 046
Leiketun barnehage AS	Holtermannsvegen 2	22/505	22.08.2005	Tilbygg (6m ² -BRA) tatt i bruk 28.11.2014	9 046
Espira Marthahaugen barnehage	Ådlandvegen 325	22/199	15.02.2007		14 305
Blåklukka barnehage	Melandsvegen 38	10/52, 218	25.08.2008	Hovedbygg 947m ² -BRA ferdig 2008. Tilbygg (230m ² -BRA) ferdigattest 23.10.2012. Andel sats 2008 80%, andel sats 2012 20%	15 160
Drømmehagen barnehage AS	Floghaugane 61	22/226	01.10.2013		22 455

For familiebarnehagane er det i forskrifta ikkje klart korleis kapitaltilskotet skal bereknast, slik at vi for Lita-Go familiebarnehage i våre førebels vedtak legg til grunn ein kapitalats lik den i 2015 + 2,7% auke, som avrunda vert kr 12.300,- per heildags plass.

Fastsetjing av sats for driftstilskot:

Ved berekning av driftstilskot skal kommunen sine kostnader til drift av den kommunale barnehagen 2 år før barnehageåret leggjast til grunn, men ein kalkulert pensjonsutgift på 13% av lønsgrunnlaget skal erstatte kommunens faktiske betalte pensjonsutgifter, slik det var i dei tidlegare forskriftene. For 2016 skal kommunens rekneskap frå drifta av Marihøna Barnehage leggjast til grunn.

Kommunen hadde i 2014 pensjonsutbetalingar på 18,6% av lønsgrunnlaget, og kostnadsgrunnlaget i den kommunale barnehagen vert som følgje av dette ca. 5% lågare enn etter tidlegare regelverk.

Satsar for heildags driftstilskot vert:

Små born 0 – 2 år: kr 176.224,-
Store born 3 – 6 år: kr 84.062,-

Familiebarnehagar:

For familiebarnehagar vil kommunen fortsatt nytte nasjonale satsar. Disse er ennå ikkje fastsatt av departementet. Vi må derfor avvente endeleg vedtak om desse. Dersom satsane for 2015 vert prisjusterast med den kommunale deflatoren på 2,7% vert satsane:

Satsar for heildags driftstilskot til familiebarnehage:

Små born 0 – 2 år: kr 157.000,-
Store born 3 – 6 år: kr 119.900,-
Kapitaltilskot familiebarnehage: kr 12.300,-

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsstsar til private barnehagar i 2016:

Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016	Blåkkokka	Drømme- hagen	Espira Martha- haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskudd små barn	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	157 000
Driftstilskudd store barn	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	119 900
Kapitaltilskudd per barn	15 160	22 455	14 305	9 046	9 046	9 046	9 046	12 300

»

Formannskapet - 129/2015

FS - behandling:

FS – Framlegg vedtak:

«Kommunestyret godkjenner følgjande tilskotsstsar til private barnehagar i 2016:

Satser for kommunalt tilskudd til private barnehager i 2016	Blåkkokka	Drømme- hagen	Espira Martha- haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskudd små barn	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	176 224	157 000
Driftstilskudd store barn	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	84 062	119 900
Kapitaltilskudd per barn	15 160	22 455	14 305	9 046	9 046	9 046	9 046	12 300

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Arngunna Haga	FA - F30	15/2304

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
130/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015
	Kommunestyret	PS	
60/2015	Utval for levekår	PS	03.11.2015

Busetting av flyktningar

Vedlegg:

Oppmoding om busetting av flyktningar

Rundskriv 01 2015 - Integreringstilskudd for år 1 og år 2-5 i 2015

Busetting av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise

KS sak 57.2014 Busetting flyktningar 2014-2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 21.08.15 om flyktningssituasjonen i dag og trong for auka busetting i kommunane (vedlegg).

Meland kommune vert no oppmoda om å auke tal på flyktningar som skal busetjast utover gjeldande ramme/måltal som er gjeve i kommunestyret sak 49/2015 datert 17.06.15: Busetting av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise.

Status

- Måltal for gjeldande busetting i 2015 er 23 personar, og status ved utgangen av oktober vil vera 18 personar. Målet om å busetje 23 personar i år vil bli nådd.
- I høve bustad er det iverksett arbeid med å nytte tilgjengelege investeringsmidlar til kjøp av bustader i tenlege bumiljø.
- I høve finansieringsgrunnlag viser ein til årsrekneskap 2014 med avsetting til fond til føremål busetting og integrering, samt gjeldande satsar for integreringstilskot 2105 jamfør link <http://www.imdi.no/no/Tilskudd/Integreringstilskudd/>

Vurdering

Rådmannen viser til saksutgreiing kommunestyret sak 57/2014 om busetting flyktningar, og tek ikkje oppatt argumentasjon eller bereknings- og finansieringsgrunnlag her. Flyktningkatastrofen som no og merkast her i landet, talar for at Meland kommune tek samsfunnsansvar og tek eit ekstra tak for å hjelpa på trongen for busetting.

Med føresetnad om at ein klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader til målgruppa, legg rådmannen til grunn at ein kan møte oppmodinga frå fylkesmannen om 30 personar i 2016 og 30 personar i 2017. Vidare legg ein til grunn at ein for åra 2018 og 2019 busett 25 nye kvart år.

Når det gjeld trong for investeringsmidlar til bustader, vil rådmannen handsama dette i revidert økonomiplan.

Viser til vedtak i kommunestyret 49/2015 pkt 6. Meland kommune opplever at folk i Meland tek ansvar og ynskjer å bidra i flyktningssituasjonen som no møter oss. Vi opplever auke i talet på bustader som vert gjort tilgjengelege for flyktningar. Vidare opplever vi at folk melder seg til innsats for å bidra i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar.

Det at kommunen både har kjøpt eigne bustader og har fått tilgang på bustader på den private marknaden, gjer at rådmannen vurderer at kommunen har kapasitet til å auke talet på busette flyktningar alt i år. Rådmannen vurderer at kommunen kan busette 7 nye flyktningar utover dei 23 kommunen har vedtak om.

Kommunane i Noreg er uroa for at det er for få flyktningar som kjem i arbeid etter endt introduksjonsprogram, og at ein for stor del av flyktningane vil ha trong for stønad frå kommunane etter at dei fem åra med stønad frå Staten fell bort. Meland kommune har fått støtte frå Fylkesmannen i Hordaland til eit prosjekt der ein arbeider meir systematisk med å sikre overgang til arbeid i løpet av introduksjonsperioden og/eller etter at denne er avslutta.

Med dei føresetnader som ligg til grunn bør Meland kommune auke busettingsmål med + 7 (frå 23 til 30 personar) per år i perioden 2015-2017. I tillegg bør Meland kommune møte oppmodinga om å busette 25 personar kvart år for åra 2018-2019. Nytt samla tal for perioden 2015-2019 vert 140 personar. Familiegjennforeining kjem i tillegg.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Rådmannen rår til at Meland kommune aukar ramme/måltal for busetting av flyktningar i perioden 2015-2017 slik at ein for åra 2015-2017 tek i mot 30 personar kvart år. Vidare rår rådmannen til at Meland kommune vedtek å busette 25 personar kvart år for perioden 2018-2019. Det er ein føresetnad at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i perioden. Tilrådinga er tufta på samsfunnsansvaret til Meland kommune med auka tilstrøminga av flyktningar til landet.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktnings situasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015.
Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.
2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017.
Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.
3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019.
4. Ressursar relatert til eventuell familiegjennforeining kjem i tillegg til måltal i punkt 1-3., og vert utført kontinuerlig etter godkjende vedtak.
5. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktingane.
6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond).»

Utval for levekår - 60/2015**ULK - behandling:**

Tilleggsframlegg i møte frå Øystein Blom (H):

7. Det er ein føresetnad at statens tilskot dekkjer dei faktiske kostnader.

Framlegget fekk **2 røyster for** (2 H) og **6 røyster mot** (2 AP, 1 SP, 1 Krf, 1 V, 1 MDG), og **fall**.

ULK – framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktnings situasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015.

Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.

2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017.

Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.

3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019.
4. Ressursar relatert til eventuell familiegjenforeining kjem i tillegg til måltal i punkt 1-3., og vert utført kontinuerlig etter godkjende vedtak.
5. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktingane.
6. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond).»

Formannskapet - 130/2015

FS - behandling:

Skriv frå KS vart delt ut i møtet.

Framlegg i møtet til nytt pkt 7:

"Meland kommune ber staten kompensere dei faktiske utgiftene fullt ut."

Framlegg i møtet til tilleggstekst og pkt 4 går:

1. Inkludert familiegjenforening.
2. Inkludert familiegjenforening.
3. Inkludert familiegjenforening.

Pkt. 4 går ut.

Avrøysting:

Framlegg til nytt pkt 7 vart samrøystes vedteke.

Framlegg til tilleggstekst og pkt 4 går ut vart samrøystes vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek samfunnsansvar med omsyn til flyktnings situasjonen og aukar noverande ramme/måltal for busetting med fylgjande:

1. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med +7 for 2015, inkludert familiegjenforening.

Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar per 2015.

2. Meland kommune aukar tal på personar for busetting med + 7 kvart år for åra 2016-2017, inkludert familiegjenforening.

Dette utgjer ei samla busetting med 30 personar kvart av åra 2016 og 2017.

3. Meland kommune vil busetje 25 personar kvart år for perioden 2018-2019, inkludert familiegjenforening.

4. Det er ein føresetnad for måloppnåing jamfør punkta 2-3 at kommunen klarer å etablere tilstrekkeleg tal bustader i tenlege bumiljø i perioden. I tillegg må kommunen nytte integreringstilskot til å sikre kapasitet i ulike tenestetilbod utfrå dei individuelle føresetnadene til flyktingane.

5. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyret sak 108/12. Integreringstilskotet skal til ei kvar tid øyremerkjast resursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond).

6. Meland kommune ber staten kompensere dei faktiske utgiftene fullt ut."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 000, TI - &13	15/2345

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
131/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

Høyringsuttale, framlegg til endringar i plandelen av plan- og bygningslova

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ved skriv registrert inn 27.08.2015 sendt framlegg til endringar i plandelen av plan- og bygningslova ut på høyring. Høyringsfristen er 15.11.2015.

Endringsframlegget har vore drøfta samla ved planavdelingane i regionen, gjennom nettverkssamarbeidet i Nordhordland digitalt. Framlegg til høyringsuttale er eit resultat av drøftingane, tilpassa Meland kommune sine erfaringar og tradisjonar på planområdet.

Vurdering

Administrasjonen meiner at endringar som kan føre til meir effektiv sakshandsaming og ryddigare planprosessar er positive. Meland kommune følgjer i stor grad allereie prosessane og rutineane som er tenkt lovfesta. Administrasjonen er også positiv til at kommunen får større råderett i lokale arealspørsmål som ikkje rår ved nasjonale eller viktige regionale interesser, gjennom endra reglar for dispensasjonar. Det same gjeld for enklare planendringar og oppheving av eldre planar.

Administrasjonen er kritisk til at reguleringsplanframlegg skal vere avklara på eit såpass tidleg tidspunkt (ved oppstartsmøtet) at medverknaden vert redusert. Det er også uheldig å innføre saksbehandlingsfrist på 6 veker frå eit privat planframlegg er komplett og sendt inn til det blir lagt ut på offentleg ettersyn, mot 12 veker i dag. Dette fordi den nye tidsfristen ikkje gjer det mogeleg å leggje private reguleringsframlegg fram for politisk handsaming før høyring. Administrasjonen meiner det er viktig med aktiv politisk deltaking i planprosessar, og at denne deltakinga må vere til stades før planen blir sluttbehandla i kommunestyret.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka.

Miljø: Ikkje relevant for denne saka.

Økonomi: Ikkje relevant for denne saka.

Konklusjon

I vedlagte utkast til høyringsuttale har administrasjonen peika på positive sider ved framlegget til lovendingar, men også på sider som det kan vere grunn til å sjå nærare på. Departementet har t.d. eit arbeid med å definere / konkretisere vurderingstema og –kriterie for å unngå at lovendingane fører til mykje tolkingstvil. Det bør også leggjast ned arbeid i å skaffe fram rettleiarar og utforme forskrifter.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet ber om at vedlagte utkast til høyringsuttale vert omforma til utgåande brev, som saman med saksutgreiinga og vedtak er å rekna for Meland kommune sin uttale til framlegg om endringar i plan- og bygningslova, plandelen.»

Formannskapet - 131/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

«Formannskapet ber om at vedlagte utkast til høyringsuttale vert omforma til utgåande brev, som saman med saksutgreiinga og vedtak er å rekna for Meland kommune sin uttale til framlegg om endringar i plan- og bygningslova, plandelen.»